

ÅRSMELDING FOR INDRE NORDMØRE FORSVARSFORENING (INF) FOR ÅRET 2017

Styret har i meldingsåret hatt slik samansetting: Olav Jostein Holten, leiar, Lars Indreiten, nestleiar, Johs. J. Vaag, sekretær, Halvor Flatekval, kasserar og Arvid Gjengstø, styremedlem.

(Halvor Flatekval og Arvid Gjengstø er på val).

Varamedlemer: Nils Johan Rodal og Leif Kristian Bøe.

Revisor: Jan Gausen.

Valnemnd: Kristian Ellevset, Astrid Sinnes og Per O. Moen.

Møteverksemd

I året er det halde tre styremøte. Årsmøtet blei halde på Hammerstuene 16.02.17 kl. 13.00. Ivar Olaf Halse, tidlegare kommandant ved Vardøhus festning, fortalde årsmøtet om Vardøhus festning.

Aktivitetar i året

Aktivitetane starta med gjennomføring av skiskyttarmerkeprøve etter militært program 28. 01.17. Det var 10 km langrenn på militære ski og 10 skott med AG3 eller mauser mot mål på 100 m. Som i tidlegare år hadde Olav Jostein Holten laga ei velpreparert løype på Toreseter.

14.03.17 var 6 medlemar frå INF i Molde på eit interessant møte som Folk og Forsvar arrangerte.

Skiskytingens dag blei markert 18.03.17 ved skiskyttararenaen på Nordmarka. Deltakinga kunne ha vare større.

23.03.17 fekk INF den triste budskapet om at Ivar Olaf Halse var død. Det var gravferd frå Gullstein kyrkje. Leiar og mange av INF sine medlemar var til stades ved gravferda. Det var bårbukett frå INF. Leiaren bar fram minneord. INF mista ein markant personlegdom med store kunnskapar i historie, og ikkje minst militær historie, ved Ivar Olaf Halse sin bortgang. Vi hugsar godt foredraget Ivar Olaf heldt på Smølaferga da vi skulle på befarung til tyskerane sitt festningsanlegg på Edøya. Også dei andre som var til stades hørde med interesse på orienteringa.

INF var invitert til Aure historielag sitt møte 27.04.17 der Helge Husby heldt foredrag om kampen i Gratangen 25.04.40. INF var til stades med aktuelle våpen og gjenstandar.

19. og 20.05.17 var det dugnad på Krigsminnesamlinga på Åsen. Det blei montert nytt våpenskåp. No er alle plomberte våpen innelåst på huset. Måling av uthus og tak på uthus blei utført seinare på året.

Open dag på Krigsminnesamlinga blei gjennomført 02.06.17. Johanne Holten stilte med kaffe og noko attåt. Besøket var noko over det som har vare vanleg dei seinare åra.

04.06.17 var det besøk på Krigsminnesamlinga av alle 9-klassingane på Øye skole. Barn og ungdom er ei viktig målgruppe for Krigsminnesamlinga. Det var gjevande for leiaren og Kristian Henden å kunne fortelje om det som hende i nærområdet vårt og vidare omkring i krigsåra 1940-45. INF ser gjerne at desse besøka held fram. Tida strakk ikkje til for å informere om dei aviser, blad og bøker som er å finne ved Krigsminnesamlinga.

I dagane 09.-11.06.17 deltok leiaren på Norges Forsvarsforening sitt landsmøte i Tromsø. Dette var første helga i nord dette året kor det var strålende sommarver. Leiaren opplevde det slik at godt som heile byen var ute i sommarnatta. Han meiner landsmøtet var minnerikt.

29.08.17 arr. Nordmøre brigadeveteranforening og INF sommartur til Hemne. Det var synfaring på tyske festningsanlegg ved Vinjeøra og på Kyrksæterøra. Johan Sættem orienterte på begge stader. På Vinjeøra var det matøkt hos ekteparet Jorunn og Johan Sættem. Det var orientering om Hemne- og Snillfjord HV-område ved områdesjef Kjetil Spjøtvold. Frå styret i INF deltok leiaren, nestleiar og sekretæren.

INF deltok med stand ved Surnadal Sparebank si 175-årsjubileumsmarkering 01.09.17.

02.09.17 blei INF sitt medlem, Ivar Holten, tildelt Forsvarsforeningens medalje for fortjenestefullt arbeid for forsvaret. Utdeling skjedde på Toreseter.

16.09.17 blei første vandring i krigens kulturminner gjennomført på Øye i Surnadal. Forarbeidet blei utført ved dronfotografering. Sjur Fedje sette saman fotografia. Øyvind Holte var kjentmann og orienterte under den interessante vandringa.

Etter forarbeid av nestleiar Lars Indreiten og andre var det 19.09.17 utdeling av utmerkingar til veteranar frå tysklandsbrigadane både i Halså og ved Surnadal sjukeheim. Det var tydeleg at veteranane og dei pårørande sette pris på dette. Elles kan det nemnast at INF har mange søknader inne hos NIVO for fleire veteranar som skal ha sine velfortente utmerkingar.

Det var avslutning på året sine aktivitetar ved deltaking under Forsvarets julegudsteneste i Nidarosdomen 20.12.17. Her var det som vanleg medlemar frå INF til stades.

INF vil takke Sjur Fedje for alt det arbeidet han har utført for INF i året 2017 og tidlegare år. Utan Sjur Fedje hadde arbeidet med krigens kulturminner vorte mangelfullt.

INF vil også takke Lars Jostein Bævre, som hjelper oss med det som er digitalt. Dette gjeld da i første rekkje stoff som skal til Todalen.no og Trollheimsporten.

INF vil også takke Surnadal kommune ved kulturkontoret for godt samarbeid. Det same gjeld Surnadal museum.

Oppsummering

Året 2017 har vore eit særst aktivt år for INF og forsvarssaka. Styret vil takke alle for innsatsen i året som har gått og håper på eit like aktivt år i 2018.



Olav Jostein Holten (sign)

Johs. J. Vaag

Leiar

Sekretær

Aktivitetsplan for 2018

27.01.18: Prøve til skiskyttermerket på Toreseter. Start kl. 13.00.

15.02.18: Årsmøte på Hammerstuene, Surnadalsøra. Møtet startar kl. 13.00.

17.03.18: Skiskytingens Dag på Nordmarka. Tidsrom: Frå kl.11.00 til kl. 14.00.

04.05. og 05.05.18: Dugnad på Krigsminnesamlinga. Oppstart kl. kl. 10.00. Slutt kl. 16.00.

26.05.18: Open dag ved Krigsminnesamlinga. Frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

Ultimo juni 2018: Øramartnaden.

Medio desember 2018: Forsvarets julegudsteneste i Nidarosdomen. Nærare informasjon om dette vil kome på eit seinare tidspunkt.

Omvising på Krigsminnesamlinga for elevar i 9. klasse på ungdomsskolen. Instruktørar: Olav Jostein Holten og Kristian Henden.

Til hausten blir det lagt opp til eit ope temamøte.

INF tek sikte på å halde fram samarbeidet med Nordmøre brigadeveteranforening. Til sommaren blir det lagt opp til tur til Titran. Nærare informasjon om turen vil kome seinare.



Johs. J. Vaag

Sekretær/ referent.